

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| F932 | Knut Øyjordet | 16.02.23 | 12/23 |

SØKNAD OM RENOVERING/TILBYGG PÅ SETERSTUE – SVEIN TORE BJØRKLUND

Saksdokument:

1. Brev frå Svein Tore Bjørklund av 30.11.22 til fjellstyret.
2. E-post frå fjellstyret av 12.01.23 til Statskog.
3. E-post frå Svein Tore Bjørklund av 15.01.23 og 18.01.23 til fjellstyret.
4. E-post frå fjellstyret av 17.01.23 til Svein Tore Bjørklund.
5. Brev frå Statskog av 10.02.23 til fjellstyret.
6. Sakene 34/17 og 17/21 i fjellstyret.

Saksutgreiing:

Svein Tore Bjørklund har søkt om renovering/tilbygg av seterstua på setra på Russtangen. Han skriv i søknaden:

Ønsker da å rive eksisterende tilbygg da det er falleferdig, og renovering/eventuelt rive alt og sette opp nytt (kostnadspørsmål) og ønsker i den forbindelse da og utvide totalarealet med ca. 20 m². Eksisterende seterstue er i dag på ca. 54 m². Selve stua har ikke vært renoverert siden den vart oppsett. Kun ett tilbygg som er falleferdig nå.

Vi bruker stedet mye, og familien har blitt større med årene, og når vi da er samlet så blir det trangt om plassen, så i den forbindelse ønsker jeg og fått utvidet arealet med ca. 20 m³. Har leid ut seter kvea i noen år nå, men per i dag har ikke noen kontrakt på leie av kvea. Kan derfor drive seter kvea selv hvis det er ønskelig.

Etter reglane i seterforskrifta vart saka sendt på høyring til Statskog. Bjørklund kom ca. på same tid med tilleggsopplysingar ang. utleige av seter kvea, dvs. at Øyvind Fjellheim sa opp leigeavtala i 2019 etter at han slutta som gardbrukar. Bjørklund har ikkje inngått leige kontrakt med nokon etter det, berre leigd bort år for år utan kontrakt. Han stiller følgjande spørsmål til slutt i e-posten «Hvis jeg selv driv kvea frå i år 2023, vil setra da bli definert som i bruk?».

I svaret frå fjellstyret til Bjørklund, står det følgjande:

Viser til e-posten nedafør. Har lagt ved fjellstyresak 17/21, der du ser kva fjellstyret legg i definisjon «bruk» og «ikkje i bruk». Dersom du nyttar kvea sjølv, anten til eige bruk eller for sal av fôr, så er den definert i bruk. Bruken må vera knytt til ei jordbruksmessig drift av garden, og fjellstyret kan om nødvendig krevje dokumentasjon på dette, som t.d. produksjonstilskot, næringsoppgåve eller liknande.

Bjørklund sende ein e-post rett etter dette og skreiv at «Da kommer jeg til å drive kvea/sæter på Russtangen selv fra nå i 2023».

I uttala frå Statskog står det m.a. følgjande:

Det kommer fram av søknaden at seterkvea har vært bortleid i noen år, og at det nå ikke er drift på setra. Fjellstyret skriver i høringsbrevet at etter deres tolking er setra pr. i dag å definere som «ikke i bruk». I saker der det er spørsmål om bebyggelse på seter som ikke er i bruk og ikke falt i det fri, skal saken behandles etter seterforskriftens § 11. Av forskriftens § 11 kommer det frem at på seter som ikke er i bruk, men som ikke er fallen i det fri, kan seterbrukeren ha rett til å holde eksisterende bebyggelse vedlike, men oppføring, utvidelse eller å endre hus åpner ikke § 11 for.

På bakgrunn av seterforskriftens bestemmelser vil Statskog tilråde Vågå fjellstyre å ikke imøtekomme søknaden utover vanlig vedlikehold av eksisterende seterbebyggelse. Statskog har registrert at fjellstyret i samme sak bør gjøre en vurdering om rettighetshavende bruk, gnr. 10/bnr. 7, tilfredsstillt krav om rett til allmeningsbruk jf. § 2 i fjellova.

I 2017 behandla fjellstyret ein søknad frå Bjørklund om bygging av nytt uthus på setra, og det vart gjort følgjande vedtak (sak 34/17):

Fjellstyret gjev Svein Tore Bjørklund løyve til å byggje eit nytt uthus på inntil 24 m² (utvendig mål) på setra som erstatning for eksisterande uthus på ca. 9 m². Bjørklund leigde bort seterkvea frå 2017 til ein naboseterbrukar, og setra er difor pr. i dag definert "ikkje i bruk" etter reglane i Seterforskrifta. Fjellstyret er klar over at seterforskrifta ikkje opnar for utviding av bygningar på ei seter som ikkje er i bruk. Men sidan eksisterande uthus er lite, så meiner fjellstyret at bygging av eit større uthus kan aksepterst slik at behovet for både skåle, lager og do blir dekt. Fordi sjølve seterstua har berre eitt soverom, og det ikkje vil bli gjeve løyve til vesentleg utviding av denne når setra ikkje er definert "i bruk", så godkjenner fjellstyret at det blir bygd eit uthus der det også kan bli innreidd til eit soverom. Det blir ikkje gjeve løyve til pipe på uthuset. Fjellstyret har ingen merknader til at det nye uthuset blir plassert nedanfor eksisterande uthus eller litt austafor.

Løyve blir gjeve under vilkår av at Statskog ikkje har nokon merknad. Løyve er heller ikkje å oppfatte som byggjeløyve etter plan- og bygningslova, og det må difor innhentast løyve frå kommunen.

Statskog hadde ingen merknader til vedtaket. Det nye uthuset er bygd.

Vurdering:

Saka må behandlast med utgangspunkt i bruken av setra pr. i dag, dvs. at seterkvea sist sommar var bortleidt og er dermed definert «ikkje i bruk». Sjølv om Bjørklund har bestemt seg for å drive seterkvea att frå komande sommar, så kan ikkje saka bli behandla ut i frå at det skjer. Og om setra har vore «i bruk», så er det heller ingen sjølvfølge at ein søknad om utviding av bygningsmasse på ei seter blir innvilga. Men søknaden blir da behandla etter § 10 i seterforskrifta, og ikkje etter § 11. I § 10 1. ledd står det at:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Når setra er definert «i bruk» må fjellstyret ta ei vurdering av behovet for bygningsmasse ut ifrå den jordbruksmessige bruken av setra.

| | | | |
|--------------------------|----------|---------------|--------------------|
| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 90966277 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyre.no |

I uttala frå Statskog står det til slutt at fjellstyret bør ta ei vurdering av bruksretten til bruket 10/7. Innspelet har nok samanheng med storleiken på arealet som blir driven som jordbruk på bruket i dag. Spørsmål om bruksrett og eventuelt oppfølging av det er ei sak som fjellstyret eventuelt får kome tilbake til.

Innstilling til vedtak:

I søknad frå Svein Tore Bjørklund om renovering/utviding av seterstua, så avslår fjellstyret søknaden om ei utviding av stua. Fjellstyret må leggje drifta ved søknadstidspunktet til grunn ved behandling av saka, dvs. den var leigd bort. Og med bakgrunn i vedtak i sak 17/21 meiner fjellstyret at setra da er definert «ikkje i bruk». Saka må difor behandlast etter § 11 i seterforskrifta slik Statskog skriv i si uttale. Etter § 11 kan seterbrukaren vedlikehalde eksisterande bygg, men ikkje utvide.

Bjørklund har etter at søknad vart sendt, opplyst at han vil drive seterkvea sjølv nå til sommaren. Dersom dette skjer, og han søker på nytt om utviding av seterstua, vil fjellstyret behandle saka etter § 10 i seterforskrifta på vanleg måte.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Svein Tore Bjørklund
Statskog SF

Vågåmo, 17.02.23

Knut Øyjordet (e.f)